

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

MASQUALERO PÅ NYE ODIN

Neste utgjeving på det nystarta jazzplateselskapet Odin er *Masqualero*. Bandet med same namn vart starta i 1982, plata kom i 1983 med Arild Andersen (bass), Jon Christensen (trommer), Jon Balke (tangentar), Tore Brunborg (saksofon) og Nils Petter Molvær (trompet). *Masqualero* kjem 8. juli, nymastra på CD og vinyl. Radka Toneffs *Live In Hamburg* (1993) kjem òg ut på nytt.

RH



Dei tre musikarane er alle sterke profilar. Pressefoto

veteran

e-plate.

tet endar opp med å høyrast ut som bitar frå ulike solo-album.

STERKE PROFILAR

Sjølvsagt er lang, Case og Veirs heile tida til å kjenne att, sterke profilar som dei er – ingen av dei står i fare for å gli over i skuggen av kvarandre. Høyr på Veirs' song om Judee Sill, til dømes, «Song For Judee», som berre kunne ha vore laga av henne, ein artist eg har følgd med interesse sidan *Carbon Glaciers* (2004), der ho markerte seg som ein skarp singer-songwriter med eit nake, klårt uttrykk. Og Cases komposisjonar her, som «Delirium» og «Supermoon», er ikkje til å ta feil av – kvaliteten er på nivå med dei siste soloplatene hennar, som vitnar om ein artist som er på høgda av karrieren.

Like sterkt er avtrykket frå lang på den elegant sentimentale balladen «Blue Fires», ei påminning om kor godt denne

gylne røysta har halde seg gjennom tre tiår.

Likevel er alle tre avgjerande til stades i alle desse songane, ikkje minst som vokalistar og koristar, noko alt smaksprøva, singelen «Atomic Number», tydeleg stadfest. Dei tilfører kvarandre noko når dei deler mikrofon, og utvidar registret ved å spele seg opp mot kvarandres gemytt. Låtane er korte, men likevel sit lyttaren att med ei kjensle av fylde når dei knappe 45 minutta som utgjer *case/lang/veirs* er over. Det dreiar seg altså om noko så sjeldan som ei supergruppeplate som ikkje kjem med datostempel.

Neste veke legg trioan ut på turné saman, gjennom USA og Canada, og dei kjem til å vere på vegen til i midten av august. Er vi heldige, tek dei ein tur til Europa etterpå.

ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Obospel på sitt beste

Ei vakkert samansett plate som syner oss Hvoslefs mozartske kvalitetar.

CD



MOZART,
SÆVERUD,
HVOSLEF:

Obokvartett og obokonsertar

obokonsertar

DAVID FRIEDEMANN STRUNCK,
OBO; OSLO FILHARMONISKE
ORKESTER; DIR.: ARVID ENNEGÅRD.
LAWO 2016

Eit lekrare programmert album er det sjeldan eg har høyr: Tyske David Friedemann Strunck, solooboist i Oslo Filharmoniske Orkester, opnar med Wolfgang Amadeus Mozarts (1756–1791) *Obokvartett i F-dur*, framført med artikulatorisk akkuratess og elegant frasering, i godt samspel med fiolinen (Elise Båtnes), bratsjen (Henninge Båtnes Landaas) og celloen (Bjørn Solum).

Mozart-stykket er i grunnen som ein vanleg strykekvartett, berre at fyrstefela er bytt ut med obo. Kammermusikkverka til Mozart er så make-laust *naturlege*, både i arkitekturen som heilskap og i «jamvekta» i temaoppbygginga. Dei som ikkje kjenner kvartetten, vil sikkert få ein støkk ved fyrste gjennomlytting. For midt i sistesatsen, ein rondo i allegro, bryt oboen brått ut i ein hasardiøst snøgg solo – som ein 1950-tals bebob-solo eller ein austerlandsk slangetemjar på speed.

MODERNE OBO

Eigentleg tykkjer eg dette repertoaret kling best når det er spela på historiske instrument frå 1700-talet, for ensembleklangan blandar seg betre då. Den moderne oboen til Strunck er jo laga for å skjera gjennom den massive klangan av eit mannsterkt symfoni-orkester og har ein kraftigare, meir nasal lyd enn 1700-talsoboen.

Men å jamføra ei original-



TEVAV NEOKLASSISISME: Harald Sæveruds (1897–1992) obokonsertar har rørlig harmonikk og kvikke dialogskift mellom solist og orkester. Foto: Alchetron

instrumentinnspeling med ei med moderne instrument blir som å jamføra eple og pærer; musiseringa til Strunck er på høgaste nivå, med sparsam vibrato og atterhalden dynamikk, noko som gjer ensembleklangan meir samla enn eg hadde venta meg.

BYLGJANDE BRISLINGSTIM

Etter Mozart får me Ketil Hvoslefs (fødd 1939) *Konsert for obo og orkester* frå 2012. Over to hundre år skil dette verket frå det føregåande. Men overgangen kjennest overraskande saumlaus likevel, for Hvoslefs stykke opnar med eit fjørlett, rytmisk «klangteppe» av langeleikaktig strykar-pizzicato (knepping på strengene i staden for bogebruk) – det kling så delikat koordinert at eg får assosiasjonar til ein bylgjande brislingstim i klårt og kaldt fjordvatn.

Hvoslef har mozartske kvalitetar, for i dei dynamisk svake partia blir det aldri substanslaust, og i dei dynamisk sterke

blir det aldri støyande. Han dvel heller ikkje så lenge ved ein melodisk eller rytmisk idé at me går lei, men syner ein rikdom av idear. Og trass i idérikdomen er heilskapen i stykket slutta.

KVIKKE SKIFT

Resten av CD-en er vigd Hvoslefs far, Harald Sæverud. *Obokonsert*, op. 12, frå 1938 har ein tev av neoklassisisme, med rørlig harmonikk og kvikke dialogskift mellom solist og orkester. Særleg hugtakande er den rolege andresatsen adagio molto, som Sæverud kalla «min vakreste melodi». Strukturen minner om den i Mozarts obokvartett, for satsen er firestemmig og har oboen på toppen. Den sære obomelodien er gripande som ein sorgjesong og blir artikulert vedunderleg mjukt av solisten Strunck.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Knefele-musikk

CD



GEORG
PHILIPP
TELEMANN:

Trios pour le Dessus de Viole

de Viole

HAMBURGER RATSMUSIK. CPO 2016

»Dessus de viole« er ei lita viola

da gamba i sopranlæge som blir spela vertikalt på knea. Han ser ut som ein minicello og kling som ein lågstemd fiolin. Tyske Georg Philipp Telemann (1681–1767) skreiv storarta trisonatar for sopran-gamben, i kombinasjon med eit anna melodiinstrument (obo, blokkfløyte eller fiolin) og generalbass. No kjem den fyrste komplette innspelinga av

hans *Trios pour le Dessus de Viole*. Men plata overtyder ikkje heilt – det er ikkje alltid ensemblet råkar stemninga i einskildsatsane, og særleg blokkfløyta læt innimellom ustemt og klangleg labilt. Lat oss difor heller venta på den *andre* komplette innspelinga av soprangambe-trioane, når enn den kjem til å koma.

SJUR HAGA BRINGELAND



Allen Toussaint på jazzfestivalen i New Orleans i 2011. Foto: Patrick Semansky / AP / NTB scanpix